



Rammeavtale

mellom

Universitetet i Bergen og Nav Vestland

om

forsking, kompetanseutvikling, innovasjon, og samarbeid
om arbeidsrelevans

1. Partane

Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt forskingsintensivt breiddeuniversitet som dekkjer dei fleste fagområde, organisert i sju fakultet og eit eige universitetsmuseum. Universitetet driv forsking, kunstnarleg utviklingsarbeid og undervisning innan eit stort spekter av fagområde. UiB har som overordna ambisjon å skape framifrå forsking, utdanning, formidling og innovasjon. Eit godt samarbeid med arbeidslivet, bedrifter og andre offentlege etatar er ein viktig føresetnad for at UiB skal utføre samfunnsoppdraget sitt. Gjennom forsking, utdanning og samarbeid med aktørar som NAV, bidreg UiB til innsikt i arbeidsliv, velferd og sosial deltaking.

Nav Vestland (Nav) skal bidra til å skape eit inkluderande arbeidsliv og ein velfungerande arbeidsmarknad, ivareta vanskelegstilte grupper sine behov og arbeide mot fattigdom gjennom å stimulere til arbeid og deltaking, sikre inntekt i periodar i livet utan arbeidsinntekt og bidra til meistring og deltaking for alle brukargrupper.

2. Bakgrunn og mål

Denne avtalen har som mål å fremje relasjonen mellom UiB og Nav og ein felles interesse i forsking, innovasjon, og samarbeid om arbeidsrelevans i utdanninga innanfor utvalde fagfelt.

Det er eit mål at samarbeidet skal bidra til nærare samarbeid om forsking og fagutvikling på område som er relevante for både UiB og Nav.

Overordna mål er å:

- Utvikle og styrke forskning og kompetanse på område der Nav har særlege kunnskapsbehov og UiB har sterke fagmiljø.
- Styrking av moglegheitene for gjennomslag i prosjekt finansiert av Noregs Forskningsråd og EU-program.
- Utvikle samarbeid om forskning og utdanning som har relevans og samfunnsnytte på det arbeids- og velferdspolitiske området innafor Nav-relevante felt, i tillegg til samarbeid rundt etter- og vidareutdanning.

3. Nærare om samarbeid

Samarbeidet mellom UiB og Nav blir regulert gjennom denne rammeavtalen. Dei enkelte samarbeidsprosjekta som partane blir samde om å iverksette, skal regulerast i eigne prosjektavtaler. Partane blir samde om regulering av opphavsrett og annan IPR i prosjektavtalene.

Partane vil halde kvarandre orientert om forskings-, utviklings- og innovasjonsarbeid av felles interesse.

Aktuelle samarbeidsområde er:

- Samarbeid om bidragsfinansiering av forskingsprosjekt.
- Kunnskapsbasert tenesteutvikling og forskingsdriven tenesteinnovasjon.
- Samarbeid om kompetanseutviklingstiltak i Nav innafor UiB sine kompetanseområde.
- Drøfte regionale og nasjonale kompetansebehov og vurdere bruk av gjensidige bistillingar og opptak av tilsette i Nav i offentleg sektor ph.d.-programmet.
- Arbeid for betre mogelegheiter for gjennomføring av praksisopphold i Nav for studentar ved UiB.

4. Toppleiarmøte

Partane skal møtast ein gong i året i eit toppleiarmøte før å drøfte saker av felles interesse og for å følgje opp samarbeidet etter rammeavtalen.

Frå UiB skal rektor og direktør for Forskings- og innovasjonsavdelinga delta. Frå Nav skal administrerande direktør og avdelingsdirektør delta. Andre inviterast til å delta etter tema og behov.

Partane skal utnemne kontaktpersonar som skal møtast regelmessig i løpet av året for å følgje opp samarbeidet, bidra til å skape arenaer for samhandling mellom UiB og Nav, og leggje til rette for toppleiarmøte.

Det skal utarbeidast ein årleg oppsummering av resultat frå samarbeidet.

5. Kontaktpersonar

Kvar av partane skal utnemne ein kontaktperson for samarbeidet.

For UiB vil Forskings- og innovasjonsavdelinga ha ansvaret for å følge opp samarbeidet. Kontaktperson er Katrine Utaaker Segadal, katrine.segadal@uib.no.

For Nav Vestland er kontaktperson Thorleif Nesse, Thorleif.Oivind.Madsen.Nesse@nav.no.

Kontaktpersonane skal mellom anna:

- følge opp samarbeidsområda som er angitt i avtalen og komme med forslag til prosjekt eller tiltak som kan styrkje samarbeidet mellom UiB og Nav.
- i samråd med toppleiar møtet etablere møteplassar mellom fagmiljø ved UiB og Nav for initiering og utvikling av samarbeid om forskning og undervisning.
- informere om nye etter- og vidareutdanningstilbod ved UiB, og om satsingsområde og kompetansebehov ved Nav.

6. Avtaleperiode


Rammeavtalen gjeld frå 01.01.2025 til den blir sagt opp. Kvar av partane kan med 3 månaders skriftleg varsel seie opp avtalen.

Avtalen skal reviderast årleg i samband med toppleiar møtet.

Partane har gjensidig informasjonsplikt om alle høve som høyrer inn under denne rammeavtalen.


Bergen, den

For Universitetet i Bergen



Margareth Hagen
Rektor

For Nav Vestland



Bjarte Hysing-Olsen
Fylkesdirektør

